



Kommunal- og distriktsdepartementet

## Utkast

### **Fråsegn frå Sogn regionråd til Inntektssystemutvalet sitt framlegg til fordeling av kraftinntekter**

Sognatinget, som består av dei sju formannskapa i kommunane Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, har i møtet 27. september 2022 vedteke følgjande fråsegn:

Inntektssystemutvalet sitt framlegg er dårleg nytt for våre kommunar i Sogn.

Vi er viktige vertskommunar for vasskraft, og nokre er store industrikommunar.

Framlegget får sær negative konsekvensar for oss.

Då vasskraftutbyggingane vart vedtekne, vart det som ein del av vilkåra for utbygging, vedteke ein føresetnad om at kommunane skal ha varige særlege inntekter. Inntektene er varig kompensasjon for dei negative inngrepa i vår natur som følgje av vasskraftutbyggingar. Slike inntekter kan ikkje avviklast ved endringar i eit inntektssystem for kommunesektoren. Konesjonsvilkåra lever vidare uavhengig av korleis inntektssystemet vert endra.

Dei kommunane som vert omtala som «dei rike kraftkommunane» eig til saman 3,6% av den samla vasskrafta i landet. Dei resterande 96,4% av den samla vasskrafta i landet vert eigd av staten gjennom Statkraft, Hydro, og dei store bykommunane. By/eigarkommunane skal etter framlegget få behalde sine eigarinntekter (utbytte) frå sine kraftselskap. Dei vert ikkje pålagt utjamning. Det er høgst urettvist, urimeleg og ulogisk. Dei kommunane som har gjort økonomiske investeringar i, og dermed får utbytte av utbygging, skal sleppe utjamning. Medan dei kommunane som varig må tole inngrep i sitt nærmiljø får redusert sin vedtekne føresetnader om varig kompensasjon.

Etter framlegget skal «kraftkommunane» dele 10% av sine konsesjonskraftinntekter med resten av landet. Framlegget er ikkje ein gong avgrensa til at vi skal dele med andre «fattige» distriktskommunar. Nei, det er verre enn det. Den varige kompensasjon for våre naturressursar skal, via inntektssystemet, omfordelast også til dei største, sentralt plasserte, bykommunane. Ei slik omfordeling er brot på den 115 år gamle «samfunnskontrakten» nedfelt i konsesjonslovene frå 1907. Her vart det slege fast eit grunnleggande prinsipp: Dei områda/kommunane som stilte naturen sin til rådvelde for «storsamfunnet» skulle få ein særleg og varig kompensasjon for denne ulempa. Dette prinsippet må stå fast og kan ikkje rokkast ved.

Vår AP/SP-styrte regjering må være garantist for at dette prinsippet skal ligge fast i framtida. Det må heller ikkje rokkast ved nivået på kompensasjonen til kommunane. Det første vedtaket om at ein prosentsats av kommunane sin kompensasjon skal gå inn og omfordelast i statsbudsjettet vil øydelegge grunnprinsippet. Det skapar grunnlag for framtidig uvisse om prosentsatsen og svekker kommunane sin trong for kunne planlegge med føreseielege inntekter. Det vert lett å endre prosentsatsen i framtidige vanskelege tider.

Utvalet sitt framlegg vil føre til at kommunane i Sogn vert fråteken over 20 millionar kroner. Samstundes vil t.d. Bergen få 10 millionar og Fredrikstad får 5,5 millionar utan å stille sine

naturressursar til rådvelde for storsamfunnet. Det er totalt uakseptabelt at Sogn sin kompensasjon for tørrlagte fossar og oppdemde fjellvatn slik vert overført til andre kommunar. Denne kompensasjonen, desse midlane, er i mange samanhengar heilt avgjerande for at distriktskommunane kan oppretthalde busetnad og gode tenester rundt omkring i bygdene. Sogn regionråd ber om forståing og aksept for at det ikkje skal vedtakast eit slikt «ran» av våre kraftinntekter.

Framlegget er særst negativt for dei som heiar på «det grønne skiftet» – og for å få til meir fornybar kraft i dette landet. Ingen av distriktskommunane vil i framtida gå inn for meir vass- og vindkraftkraftutbygging dersom dei ikkje vert sitjande igjen med rimeleg kompensasjon for ulempene med inngrep i naturressursane sine.

Med helsing

leiar Sogn regionråd